

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 17.08.2020
SAKSHANDSAMAR: Ola Jøsendal og Carina Paulsen Mæland
SAKA GJELD: **Regional plan psykisk helse - handlingsplan**

ARKIVSAK: 2019/8185
STYRESAK: **098/20**

STYREMØTE: **02.09. 2020**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF legg forslag til handlingsplan for psykisk helsevern 2020-2024 til grunn for vidare utvikling av tenestene innan psykisk helsevern.

Handlingsplanen blir sendt helseføretaka og dei private ideelle til oppfølging.

Helseføretaka må vurdere oppfølging og finansiering av tiltaka i dei årlege budsjettprosessane.

Styret blir halde orientert om framdrift og oppfølging av tiltaka to gongar i året.

Oppsummering

Saka gjeld forslag til handlingsplan knytt til regional plan for psykisk helse i Helse Vest 2020-2024, som ble behandla i styret 7.11.2019, styresak 110/19.

Handlingsplanen gjev føringar for kva tiltak som vert prioritert i 2020-2021. Handlingsplanen reflekterer innspela frå styret. I vedlegget finn ein eit oversyn over alle tiltak som er omtalt i planen.

Planen skal vere retningsgivande for utvikling av tenestene innan psykisk helsevern i helseføretaka og dei private aktørane innan psykisk helsevern i regionen.

Fakta

Styret i Helse Vest RHF vedtok i sak 110/19, møte 7.11.2019, regional plan for psykisk helse 2020-2024. Planen viser korleis Helse Vest RHF vil utvikle tenestetilbodet til personar med psykiske lidingar med bakgrunn i det ansvaret Helse Vest har på dette området.

Styret ønska at det blei laga ei handlingsplan med prioriterte tiltak. Det er no laga forslag til handlingsplan for perioden 2020–2024. Handlingsplanen er vedlagt.

Kommentarar

1. Innhaldet i planen

Målgruppa for handlingsplanen er leiarar på alle nivå innan psykisk helsevern.

Planen skal vere retningsgivande for utvikling av tenestene innan psykisk helsevern i helseføretaka og dei private aktørane innan psykisk helsevern i regionen.

Helseføretaka og dei private skal følgje opp tiltaka i eige planarbeid og i dei årlege budsjettprosessane.

Helseføretaka og dei private skal rapportere på tiltaka i handlingsplanen.

Tiltaka i handlingsplanen skal sikre:

- tidleg avklaring og tidleg hjelp for pasientane
- medverknad, val og frivilligheit for pasientane
- gode pasientforløp
- høgast prioritet til barn og unge
- at tenestene tek i bruk og utvikler nye arenaer for tenesteyting

Handlingsplanen gir føringar for kva tiltak som skal ha prioritet 2020-2021:

Tiltak	Ansvar	Frist
Felles mottak av tilvisingar til psykisk helsevern innan kvart sjukehus- eller DPS område	Lokalt helseføretak	Medio 2021
Revidere samarbeidsavtalar mellom lokalt helseføretak og alle private aktørar innan psykisk helsevern	Lokalt helseføretak	Medio 2021
Utvikle samhandlingsforløp for barn og unge, etter modell av «Barn og unges helseteneste» i Helse Fonna	Arbeidet er sett i gang i dei andre føretaka med bistand frå Helse Fonna. Helse Vest bidrar med regional koordinering og prosjektstøtte	Ferdigstilt 2021
Alle poliklinikkane for barn og unge skal ha samarbeidsordningar med kommunane for konsultasjon og gjensidig rettleiing, slik at barn og unge og familien deira får hjelp på rett stad.	Lokalt Helseføretak. Dette er et sentralt tiltak som også må sjåast i samanheng med Nasjonal helse- og sjukehusplan, Oppdragsdokumentet 2020 og Helsedirektoratets arbeid med rettleiar knytt til samarbeid og samhandling. Det heng også saman med «Barn og unges helseteneste»	2020
Sikre at pakkeforløpa blir innført og følgt opp	Lokalt helseføretak. Arbeidet går føre seg og blir følgt opp med jamleg kontakt med helseføretaka og private ideelle. Det går også føre seg nasjonal evaluering. Den regionale implementeringsgruppa har jamleg møte og utvekslar erfaringar så lengje det er behov for det.	2020
Utvikle fleire arbeidsretta tiltak som del av behandlingstilbodet, og ha særskilt merksemd på meistring for barn og unge i skule og arbeid	Lokalt og regionalt Helseføretak. Følgje utvikling m.a. ved bruk av regional registreringsrutine for arbeidsretta behandling, og utvikle tilbod om arbeidsretta behandling der det ikkje er utvikla.	2020

Vidare utbreiing av eMeistring i regionen og til nye pasientgrupper, samt legge til rette for å ta i bruk videokonsultasjonar	Lokalt og regionalt helseføretak. Det er etablert eit eige prosjekt for utbreiing av eMeistring i alle føretak. Bruk av videokonsultasjonar er under utprøving i alle føretaksområda .	2021
Alle helseføretak bør tilby eit breitt behandlingstilbod til pasientar med psykoselidingar, jf. piloten i Helse Bergen om medikamentfri behandling.	Lokalt og regionalt helseføretak. Helse Vest og Helse Bergen bidreg med erfaringsoverføring til alle helseføretak, og det blir gjennomført ein kartlegging i alle DPS av behandlingstilbodet til pasientar med psykoselidingar. Rapporten frå piloten i Bergen blir lagt til grunn for vidare tiltak	2021
Vidareutvikling av sikkerheitspsykiatrien i Helse Vest, hernader dimensjonering, samarbeid og kompetanseheving	Helse Vest leiar arbeidet, helseføretak, regionalt brukarutval og konserntillitsvalt bidreg i arbeidet.	2021

Det vil årleg bli revidert kva tiltak som bør følgjast særskilt.

Det blir føreslått at handlingsplanen blir sendt helseføretaka og dei private ideelle institusjonane til oppfølging.

Helseføretaka må i samband med budsjettbehandling gjere eigne vurdering av tiltak og kostnader.

2. Oppfølging av kommentarar frå styret, styremøte 110/19:

I styremøte 110/19 blei det peika på nokre tema som skal bli følgt opp:

- Auka fokus på pårørande i det vidare arbeidet
- Meir fokus på gruppetilbod i læring og meistring
- Tett oppfølging med kommunane i forhold til alvorleg psykisk sjuke pasientar og bruk av tvang
- Pasientar som blir tilvist til spesialisthelsetenesta blir vurderte og teke inn til konsultasjon, og ikkje avvist
- Tett oppfølging med kommunane i forhold til alvorleg psykisk sjuke pasientar og bruk av tvang
- Samhandling med somatikk bør forsterkast
- Rapportering om barn i barnevern i løpet av 2020

Det er fagavdelinga si vurdering at det styret har peika på i styremøte 110/19 er sikra god oppfølging gjennom oppdragsdokumentet, den regionale planen, og handlingsplanen.

Konklusjon

Styret i Helse Vest RHF legg forslag til handlingsplan for psykisk helsevern 2020-2024 til grunn for vidare utvikling av tenestene innan psykisk helsevern.

Handlingsplanen blir sendt helseføretaka og dei private ideelle til oppfølging.

Helseføretaka må vurdere oppfølging og finansiering av tiltaka i dei årlege budsjettprosessane.

Styret blir halde orientert om framdrift og oppfølging av tiltaka to gongar i året.